

Gulen Ettersøkslag, ettersøksavtale 2021

| | |
|-------------|--------------|
| Namn: | Mob: |
| Adr: | Postnr/stad: |
| Epost: | |
| Valdnr: | Valdnamn: |
| Jaktfeltnr: | Jaktfelt: |
| Tal løyver: | Kommune: |

Ovannemnde jeger/jaktfelt/vald har med dette inngått ettersøksavtale med Gulen Ettersøkslag. Lagets medlemmar har godkjende og registrerte ettersøkshundar som har bestått nødvendige prøver i medhald til forskrifta.

Avtale vilkår:

Jeger/jaktlag skal fylgje lover og forskrifter for jakt og ettersøk. Ettersøkslaget kan heve avtalen dersom ein bryt med desse. Ettersøkslaget skal stille med ekvipasje klar til ettersøk innan 4 timar etter melding er motteke. Jaktlag i områder som er avhengige av båttransport, må sjølv hente/ bringe ettersøksekvipasjen på best eigna stad.

Avtalen er gyldig når den er signert av begge partar, og kvitteringsoblat frå banken er limt inn i merka felt. Dette skal dokumentere at rett avgift er betalt til lagets bankkonto nr: 3705.0298931

Kr. 150,- x tal løyver. Avgift skal være innbetalt i god tid før jakta tek til. Dette for å sikre at inngått avtale vert registrert i lagets, og kommunen sine lister ved jaktstart.

NB! Hugs å merke innbetalinga med namn, jaktfelt/vald og tal løyver.

Lim inn kvitteringsoblat frå banken her:

Dato _____ Jaktleiar/jeget: _____ Gulen Ettersøkslag: *Paul Elnes*

| Telefonliste | | |
|---------------------|----------------------|-------------|
| Navn | Bustad | Telefon |
| Arild Wergeland | Brekke | 97 72 76 23 |
| Jon Inge Instefjord | Brekke | 48 24 61 96 |
| Karstein Elnes | Eivindvik | 97 14 08 24 |
| Severin Rokne | Mjømna | 97 74 26 70 |
| Torbjørn Jensen | Ånneland | 40 09 73 46 |
| Leif Helge Fjellro | Arna/Austgulen | 90 98 00 51 |
| Odd Rune Våge | Leikanger/ Eivindvik | 41 29 50 25 |

Nokre tips om uhellet er ute

- Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst
- **§ 27. Ettersøksplikt, forfylgingsrett og avliving av såra storvilt**
- Den som under jakt eller forsøk på felling skadeskyt storvilt eller kongeørn, pliktar å gjere det ein kan for å avlive dyret snarast mogeleg. Vedkommande pliktar å forvise seg om påskote dyr er treft eller ikkje. Jegeren og jaktlaget som har skadeskote storvilt, skal ikkje oppta jakt eller skyte på nye dyr mens ettersøk går føre seg. Innan valdets grenser skal ettersøk om nødvendig gå føre seg ut dagen etter skadeskytinga. På anna vald opphøyrer retten til ettersøk og felling ved utgangen av den dag skadeskote storvilt kom inn på valdet, jf. [lov av 29. mai 1981 nr. 38](#) om viltet § 34
- **Ring Gulen Ettersøkslag så tidleg som råd. Det går fort tid før vi er på plass i terrenget, og mørket kjem fort på hausten.**
- Prøv å observer skotreaksjon, fluktretning, fart, halting ol. Alle detaljer er viktige.
- Merk plassen der du var når du skaut. (Pose, ryggsekk el.)
- Merk plassen dyret stod når du skaut. Dette er viktig for å kunne undersøkje skotplass. Plassen kan fort bli uklart i etterkant om det mørknar og den ikkje er merka
- Unngå å trakke i blod eller anna som kan stamme frå skadeskytinga. Dette kan gjere ettersøket vanskeleg.
- Undersøk forsiktig der dyret stod når det vart påskote. Sjå etter blod, hår, bein, kjøt ol.) Berre ein person undersøker.
- Sko som er nytta under nyleg slakting vil plante nye spor, og gjere ettersøket vanskeleg.
- Om de er fleire jegerar, set ut postar, eller bli på post på strategiske plassar i påvente av ekvipasjen.
- Heile jaktlaget pliktar å delta i ettersøket om nødvendig.
- Eventuelle spor bør ikkje fylgjast langt utan godkjend hund. Om dyret vert skremt ut av første sårlege, fell sjansen for å finne igjen dyret.
- Ikkje bruk hund som ikkje er godkjend, eller lat andre hundar komme inn i området.

Vi spør gjerne etter:

- Kor lang tid det er sidan dyret vart påskote?
- Kva dyr var det?
- Ca skothald/avstand vart det skote på?
- Kva side av dyret hadde du mot deg?
- Stod dyret stille, beita det, eller var det i bevegelse?
- Var det fleire dyr i fylgje?
- Andre observasjonar du gjorde.

Denne avtalen er ein del av dokumenta du som jeger skal ha med deg på jakt.

Vi i Gulen Ettersøkslag håpar på eit godt samarbeid, og ynskjer alle jegerar ei god og sikker jakt.